



SELJE KOMMUNE
Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 06.09.2012

Møtetid: Kl. 15:00 – 17:15

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 031/12 - 037/12

Følgjande medlemmer møtte

TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård. FRP: Marit Swensen, Svein Hansen.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Stine Aase Myhre. H: Eva Janne T. Årvik

Følgjande varamedlemmer møtte

KRF: Laura Marie Fure. TP: Vivian Nygård Sætren. H: Kjetil Vetthus

Følgjande frå administrasjonen møtte

Kommunalsjef Helse og omsorg, Åse Elin Hole.

Styrar Selje barnehage, Karen Helen Haaland i sak 036/12.

Fagkonsulent landbruk Kristian Nave, førte møteboka i sak 031/12 tom sak 034/12.

Rådmann Reidar Sandviknes, førte møteboka i sak 035/12 tom sak 037/12.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
031/12	Godkjenning av møtebok
032/12	Delegasjonssaker
033/12	Referatsaker
034/12	Gbnr. 51/1- 8 - Delingssak - Fritidsføremål - Peter Alex Austmyr
035/12	Skulefritidsordning - SFO for funksjonshemma elevar etter 7. klasse
036/12	Vedtekter barnehagar - Sommarstenging
037/12	Oppretting av samarbeidsutval - Selje kommune og Fastlegeordning

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	031/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/975
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 06.06.12 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande

KU-031/12 VEDTAK

Møteboka frå møte 06.06.12 vert godkjent slik den ligg føre.
Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	032/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/973
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DKU. 034/12: Gbnr. 1/3 - Byggsak - Riving av hus - Liv Skorge

DKU. 035/12: Skadefelling - Vilt 2012 - gås - Kåre Rundereim

DKU. 039/12: Gbnr. 89/16 - Løyve til avkøyrsløp, - Delingssak - Bustadtomt, Asgeir Flataker, 6015 Ålesund

DKU. 040/12: Gbnr. 25/71 - Byggsak - Bustadhus - Ronny Stave

DKU. 041/12: Gbnr. 22/1 - Byggsak - Bustadhus - Sigmund B. Sjøstad

DKU. 042/12: Gbnr. 24/11 - 24/18 - Konesjon - Fredrik Hovden Borgund og Anniken Sinje Milhahn

DKU. 043/12: Hjortejakt 2012 - Fellingsløyver og fellingsavgift

DKU. 044/12: Gbnr 24/19 - Byggsak - Tilbygg driftsbygning - Vidar Sjøstad

DKU. 045/12: Gbnr. 78/24 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Håkon Runderheim

DKU. 046/12: 78/21 - Byggsak - Garasje - Chris A. Hammerseth

DKU. 047/12: Gbnr. 1/10 - Byggsak - Tilbygg fritidsbustad - Morten Støen

DKU. 048/12: Gbnr. 59/20 - Byggsak - Naust endra plassering - Ella Hove

DKU. 049/12: Gbnr. 22/47 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Henning Drage

DKU. 050/12: Gbnr. 21/13 - Byggsak - Garasje - Knut Lundebrekke

DKU. 051/12: Gbnr. 56/26,45 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Unni Krøvel Aure

DKU. 052/12: Gbnr 49/felles, Naust - John Georg Larsen, Avkøyrsløyve/disp. byggegrense

DKU. 053/12: Gbnr 22/48 - Byggsak - Vinterhage - Arve Sundnes

DKU. 054/12: Gbnr. 33/5 - Søknad om løyve - Tilbygg garasje - Stig Jarle Ervik

DKU. 055/12: Gbnr. 16/13 - Byggsak - Altan - Hildegunn og Trygve Espe

DKU. 056/12: Gbnr 45/13 - Løyve til avkøyrsløve - Bustadhus - Kirsti og Tor Kristian Stevik

DKU. 059/12: Gbnr. 41/2 - Delingssak - Bustadhus - Frode Svedhaug

DKU. 061/12: Gbnr. 32/7-8 - Delingssak - Margrethe Honningsvåg

DKU. 062/12: Gbnr. 58/8 - Delingssak - Kartforretning - Anders Listou

DKU. 063/12: Gbnr. 22/10,11 - Delingssak/kartforretning, fritidsbustad - Anna Myklebust

DKU. 064/12: Gbnr. 89/16 - Utsleppsløyve - Bustadtomt - Sølvi F. Instebo / Elin Flataker

DKU. 065/12: Gbnr. 89/16 - Delingssak - Bustadtomt - Sølvi F. Instebo / Elin Flataker - handsaming etter jordlova

DKU. 066/12: Gbnr. 45/11 - Utsleppsløyve - Bustadhus / Garasje - Jon Borge Frogner & Helle Frogner

DKU. 067/12: Gbnr.76/5 - Konesjon - Heidi Dorothea Maasberg og Jørgen Walter Maasberg

DKU. 068/12: Hjortejakt 2012 - søknad om eit løyve til - Eltvik Jaktvald - Irene Eltvik

DKU. 070/12: Kommunal veg - løyve til kryssing KV 17 og KV 24

DKU. 073/12: Gbnr 45/13 - Byggsak - Bustadhus - Kirsti og Tor Kristian Stevik

DKU. 074/12: Gbnr. 74/2, 15 - Utsleppsløyve - Fritidsbustad - Tor Ivar Østreng og Tove Måløy

DKU. 076/12: Gbnr. 32/2- 7 - 8 - Utsleppsløyve - Margrethe Honningsvåg

DKU. 077/12: Gbnr 45/13 - Lokal godkjenning - Kjell Arne Heggheim

DKU. 079/12: Gbnr. 45/11 - Byggsak - Bustadhus / Garasje - Jon Borge Frogner & Helle Frogner

DKU. 085/12: Gbnr. 56/260 - Byggsak - Bustadhus - Atle Riksfjord

DKU. 087/12: Gbnr.56/249 - Byggsak - Naust - Anders Listou

DKU. 088/12: Lokal godkjenning av foretak - Dragebygg AS - Bustadhus Gbnr. 56/260

DKU. 089/12: Lokal godkjenning av foretak - Kvernevik AS - Bustadhus Gbnr. 56/260

DKU. 090/12: Gbnr 45/13 - Byggsak - Bustadhus - Kirsti og Tor Kristian Stevik

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande

Orientering:

Delegasjonssaker frå møte 06.06.12 låg vedlagt til møtet 06.09.12.

KU-032/12 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	033/12

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 12/974
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dat	Avsender/Mottaker	Tittel
1	12/3064	I	08.06.2012	Statens vegvesen	Vedk. søknad om rasteplass og utsiktspunkt - FV 620 Mannseidet
2	12/3387	S	06.07.2012		Gbnr 49/felles, Naust - John Georg Larsen, Avkøyrsløyve/disp. byggegrense
3	12/3539	U	17.07.2012	Tor K. Stevik	Løyve til avkøyrsløye
4	12/3573	U	19.07.2012	Opplysningsvesenets Fond	Vedk. Seljesanden - Opprydding etter Dagmar-uværet - Kostnader
5	12/3862	I	21.08.2012	Pia G. Kvernevik	Veien til nye byggefeltet på Flatraket - skader, grusdekke
6	12/3999	U	28.08.2012	Pia G. Kvernevik	Veien til nye byggefeltet på Flatraket - skader, grusdekke
7	12/3967	I	27.08.2012	Kystverket	Reparasjon av moloer i Selje kommune
8	12/4016	U	29.08.2012	Opplysningsvesenets Fond	Vedk. Seljesanden - Opprydding etter Dagmar-uværet - Endelege kostnader
9	12/4023	U	29.08.2012	Linda Vetthus	Vedr. kommunal veg, nye bustadfeltet på Flatraket
10	12/4011	I	26.08.2012	Fleire bebuarar	Vedr. kommunal veg, nye bustadfeltet på Flatraket
11	12/2427	I	08.05.2012	Selje Hagelag	Søknad om støtte til beplantning og vedlikehold av blomsterbed til 17 mai.

12 12/4051 U 30.08.2012 Driftsutvalet

Etablering av koordinerande
eining - Habilitering /
Rehabilitering

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande

Orientering:

Økonomisjef Ben Magne Stokland delte ut, i starten på møtet, økonomirapport med tal hittil i år.

Ønske frå Driftsutvalet:

Det er ønske om å koble datamaskin til prosjektor i møta, slik at utvalsmedlemmane kan sjå saker på stor skjerm. Forslaget vert å vurdere/prøve ut i neste møte i utvalet.

KU-033/12 VEDTAK

01. Teke til vitande.

02. Teke til vitande.

03. Teke til vitande.

04. Teke til vitande.

Referat 5.6,9,10. Driftsutvalet ber om at sak vedk. veg i bustadfelt Flatraket, vert sett på sakskartet snarast / evt. til neste møte i utvalet.

07. Teke til vitande.

08. Teke til vitande.

11. Teke til vitande.

12. Teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	034/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	GBNR-51/1,8, FA-L33	12/159

Gbnr. 51/1- 8 - Delingssak - Fritidsføremål - Peter Alex Austmyr

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	09.01.2012	Peter Alex Austmyr	Søknad etter jordlova
2	I	08.02.2012	Peter Austmyr	Søknad om dispensasjon frå arealdel
3	U	23.03.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gbnr. 51/1- 8 - Delingssak - Areal - Peter Alex Austmyr - oversending for uttale
4	I	20.04.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - dispensasjon - frådeling av tomt til fritidsføremål på gbnr. 51/1 Austmyr - Peter Alex Austmyr
5	I	30.04.2012	Adv. Lothe & Mardal	Merknader til delingssak
6	I	04.05.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune -gbnr 51/1, 8 - frådeling - dispensasjon - uttale

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.02.2012	Søknad om dispensasjon frå arealdel	32972
29.08.2012	Kart	32973
02.05.2012	Merknader til delingssak	35452
30.08.2012	Varsel om odelsløysning	35453

Saka gjeld

Peter Austmyr ynskjer å frådele tunet på gbnr. 51/1 og selje jordbruksareala på gbnr. 51/1 og 8. Arealet er utifrå innsendt kartskisse (vedlagt) målt i kartet til å vere ca. 2,1 da.

Driftsbygningen ligg utanfor omsøkt parsell.

Opplysningar til saka

Søknaden er på nokre punkt motstridande i opplysningar om kva som skal frådela; alt jordbruksareal frå tunet eller tunet frå jordbruksarealet. Saka vert handsama som frådelling av tunet. Det går klart fram av søknadspapira at Peter Austmyr vil flytte til austlandet og ha tunet som fritidseigedom og selje produksjonsareala til ein aktiv bonde i bygda.

Gbnr. 51/1 og 8 er til saman 1587 da og har 51 fulldyrka jord og 45 da innmarksbeite.

Det er odell på eigedomen og ein av odelsrettshavarane har gjennom sin advokat uttrykt at det er aktuelt å overta bruket ved dette salet, mest fordi produksjonsareala på bruket i mange år har vore ein viktig del av driftsgrunnlaget for vedkommande. Som odelsrettshavar ynskjer han ikkje at bruket vert delt. Det er sendt varsel om odelsrettsløyning til eigar av 51/1 og 8.

Parsellen ligg sør for og inntil kommunal veg (Myrevegen) og har avkøyrsløse frå denne.

Driftsbygningen ligg lenger aust og har eiga avkøyning frå kommunevegen.

I tunet på gbnr. 51/1 er det 5 bygningar: tre eldre bygningar, eit bustadhus, eit eldhus og eit grisehus og to nyare, (2002) garasje og stabbur. På gbnr 51/8 er det ikkje bygningar.

Jordbruksareala er bortleigd. Dyrkajorda er i god hevd.

Lover/regelverk

Føremålet med delingsforbodet i jordlova er å sikre ein tenleg bruksstruktur i landbruket. Jordlova §12 opnar for at det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller dersom deling er forsvarleg ut frå den avkastninga eigedommen kan gje.

Rundskriv M-4/2003.

Sakshandsamar si vurdering

Ved frådelling frå landbrukseigedom deler ein i regelen frå til andre føremål enn landbruk. Det gjev ikkje meining å dele jordbruksareala frå ein jordbrukseigedom. Desse areala må ha det opphavlege gards- og bruksnummeret fordi rettar og plikter ligg på dette nummeret, t.d. alle utmarksrettar, gjerdeplikt og liknande.

Kravet om odelsløyning er å sjå på som ei saksopplysning men den overstyrer ikkje vurderingane i delingssaka. I rundskriv M-4/2003 står det om klagerett i kapittel 5.3:

En odelsberettiget har ikke klagerett i kraft av sin odelsrett. En odelsberettiget vil etter praksis ha klagerett dersom delingen medfører at eiendommen mister sin karakter av å være en odelseiendom, jf. odelsloven § 2. Det samme gjelder dersom fradelingen innebærer at den odelsberettigete mister muligheten til å overta odelseiendommen med bygninger.

Vurderer det slik at odelsrettshavar i denne saka vil ha klagerett.

Odelsrettshavar vil uansett utfall av denne saka ha odelsrett til landbrukseigedomen.

Gbnr. 51/1 og 8 er etter våre tilhøve eit heller stort bruk og det er eit vurderingstema om ein bør tillate deling (slakting) av såpass store bruk.

På den andre sida vil deling og sal av arealet som omsøkt styrke driftsgrunnlaget til ein stor husdyrprodusent. Det vil redusere det svært store leigearealet og gje meir tryggleik for produksjonsgrunnlaget.

Frådellinga vil ikkje i særleg grad føre til driftsmessige eller transportmessige ulemper.

Frådellinga vert å vurdere i forhold til avkastninga eigedomen kan gi og eventuelle drifts- og miljømessige ulemper. Det vert og teke omsyn til teneleg bruksstruktur i landbruket.

Konklusjon

Utifrå ei samla vurdering av søknaden finn ein å kunne tilrå at søknaden om frådeling av ein parsell på ca. 2,1 da frå gbnr 51/1 og 8 vert godkjend slik den ligg føre.

Saksgang

Vedtaket kan påklagast av part i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter at melding om vedtaket er kome fram. Klagen skal sendast til Selje kommune, 6740 Selje og må vere underskriven. Med visse unntak har part(ar) rett til dokumentinnsyn i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve samtykke til frådeling av ein parsell på intil. 2,1 da til fritidsføremaal på gbnr. 51/1, slik det går fram av vedlagt kartskisse. Det er eit vilkår for delinga at resten av driftseininga, gbnr. 51/1,8, vert seld.

Utskrift til:

Peter Alex Austmyr, Austmyr Gard, 6750 STADLANDET

Sverre Leikanger, 6750 STADLANDET

Advokat Hans Lothe, Postboks 138, 6821 SANDANE

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande

Avrøysting:

Som tilråding frå administrasjonen. Samrøystes.

KU-034/12 VEDTAK

Med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve samtykke til frådeling av ein parsell på intil. 2,1 da til fritidsføremaal på gbnr. 51/1, slik det går fram av vedlagt kartskisse. Det er eit vilkår for delinga at resten av driftseininga, gbnr. 51/1,8, vert seld.

Samrøystes.

Utskrift til:

Peter Alex Austmyr, Austmyr Gard, 6750 STADLANDET

Sverre Leikanger, 6750 STADLANDET

Advokat Hans Lothe, Postboks 138, 6821 SANDANE

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	035/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristin Otneim Årsnes	FA-A22	12/496

Skulefritidsordning - SFO for funksjonshemma elevar etter 7. klasse

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	06.03.2012		Skulefritidsordning - SFO for funksjonshemma elevar etter 7. klasse
2	S	29.08.2012		Skulefritidsordning - SFO for funksjonshemma elevar etter 7. klasse

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Skulefritidsordning (SFO) for barn med særskilte behov etter 7. klasse.

Opplysningar til saka

Opplæringsloven § 13-7 seier dette om skulefritidsordning (SFO):

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Selje kommune har fleire barn med særskilte behov, som har trong for tilsyn heile døgnet. Sjølv om eleven tek til i ungdomsskulen, er behovet for tilsyn uendra. Det er derfor fremja ønskje om at Selje kommune etablerer rutinar kring SFO-tilbod for denne elevgruppa fram til eleven vert 18 år. Sjå sak 006/12 og sak 30/10 frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Lover/regelverk

Opplæringslova

Helse- og omsorgstjenesteloven

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune bør etablere eit tilbod om SFO for barn med særskilte behov ut grunnskulen. Etter dette vil det vere ulike ordningar for elevane knytt til vidaregåande opplæring/ fylkeskommune, og vi treng derfor ikkje etablere eit kommunalt tilbod heilt til fylte 18 år.

Foreldre som ønskjer SFO for barn med særskilte behov etter 7. klasse, bør kunne søkje til Koordinerande eining (KE) i Selje kommune om utvida rett til skulefritidsordning. KE gir då ei tilråding til rektorane, som på bakgrunn av denne fattar enkeltvedtak i saka. Skulane organiserer skulefritidsordninga i tråd med vedtekter i Selje kommune, og foreldra/ føresette betalar for plassen etter gjeldande satsar.

Det vil vere trygt og forutsigbart for elevane med særskilte behov, å få halde fram med å vere aktiv og sosial gjennom eit opplegg som er innarbeidd. Sjølv om tilsynet før og etter skuletid må tilpassast særleg for elevar eldre enn 12 år, så har skulane kompetanse og erfaring med dette. Det vil medføre ein ekstra kostnad for skulane knytt til bemanning og administrering av denne ordninga – skulane får ikkje ei innsparing når eleven går ut 7. klasse.

Koordinerande eining i Selje må gjere ei individuell vurdering av kvar søknad om utvida rett til SFO opp i mot tilbod etter Helse- og omsorgstjenesteloven. SFO etter 7. klasse skal ikkje vere ei erstatning for avlastning.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Vedtekter for skulefritidsordning i Selje kommune endrast. Ny ordlyd i første avsnitt:

”Skulefritidsordningane (SFO) i Selje kommune er eit frivillig tilbod utanom obligatorisk skuletid for elevar i 1.-4. klasse. Elevar i 5.-7. klasse kan få plass etter sakkunnig tilråding frå PPR-Selje. Elevar i 8.-10. klasse kan få SFO-plass etter søknad til Koordinerande eining i Selje. Verksemda skal først og fremst vere prega av elevane sin frie leik, kulturaktivitetar og sosialt samvær. Det skal særleg leggast vinn på godt samarbeid med føresette. SFO skal drivast i tråd med gjeldande lover og avtaler.”

Koordinerande eining utarbeider skjema og rutinar kring utvida rett til SFO. Skulane fattar enkeltvedtak, organiserer og finansierer tilbodet.

Foreldre til barn med nedsett funksjonsevne i Selje kommune veit at dei får tilbod om å kjøpe SFO før og etter skuletid i 1.-10. klasse. Familiane får slik ekstra tryggleik for opplegg/ rutinar heile grunnskuletida.

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande

Avrøysting:

Som tilråding frå administrasjonen. Samrøystes.

KU-035/12 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	036/12

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-A10	12/365

Vedtekter barnehagar - Sommarstenging

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	14.02.2012	Foreldreutvalet i Flatraket barnehage; Samarbeidsutvalet i Selje barnehage	Gjeld sommaropne barnehagar

Saka gjeld

Sommaren 2011 var det sommarope to veker i to av heildagsbarnehagane i kommunen. Det vart frå foreldreutvala i to av barnehagane jobba aktivt for å få til sommaropne barnehagar før sesongen 2011. Sommaren 2012 var dei tre heildagsbarnehagane stengde i fire veker etter at Driftsutvalet gjorde vedtak om dette ut frå budsjettmessige tilhøve.

Brukarane av barnehagane våre har behov for å kunne planlegge ferie, og bør difor få avklart feriestenginga i god tid. For sommaren 2013 bør det difor takast avgjerd om ferieope/feriestengt så snart råd er.

Opplysningar til saka

Det er ikkje kome tilbakemeldingar til barnehagane om at dei føresette hadde uløyselege vanskar i høve dei fire vekene barnehagane var stengde sommaren 2012. Ut frå brukartala sommaren 2011, er det svært få som nytta seg av tilbodet, altså er det få familiar som vert råka av full feriestenging i fire veker.

Ser vi på kva andre kommunar gjer i høve dette, registrerer vi at stadig fleire har feriestengt fire veker om sommaren. Dette heng saman med økonomi og praktisk/økonomiske tilhøve kring ferieavviklinga for dei tilsette i barnehagane.

I Selje kommune er det for budsjettåret 2013 ingenting som tyder på betre økonomi enn for budsjettåret 2012. Det er få som blir råka, men det er som tidlegare ein relativ stor kostnad

med å tilby sommaropne barnehagar. Dei same argumenta i høve vurderingane om sommaropne barnehagar ligg difor til grunn for ei avgjerd om sommaren 2013.

Vi arbeider no med ein revisjon av vedtektene for barnehagane i Selje kommune. Opningstid og ferieavvikling skal vere ein del av vedtektene. Det er difor ein fordel om det no kan takast ei avgjerd for fleire år framover, slik at vedtaket kan arbeidast inn i dei nye vedtektene, og gje brukarane den naudsynte forutseibarheita.

Sakshandsamar si vurdering

Ut frå den erfaringa vi har hausta dei siste åra sett i høve den kunnskapen vi har om økonomien framover, vil administrasjonen rå til at det vert gjort eit vedtak om feriestengde barnehagar i vekene 29 – 32.

Viss det skal gjerast ei opning for sommarope i to av desse vekene, bør dette tilbodet gjevast i berre éin av barnehagane i kommunen.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

I vedtektene for barnehagane i Selje kommune, vert følgjande teke inn:

Heildagsbarnehagane i Selje kommune har sommarstenging i vekene 29 – 32.

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande.

Utdelt i møtet:

E-post, dat. 05.09.12 frå Samarbeidsutvalet Selje barnehage, Foreldreutval Selje barnehage.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Saka vert sendt tilbake for uttale i samarbeidsutvala og foreldreutvala i barnehagane, før endeleg politisk handsaming.

Avrøysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 7 røyster

KU-036/12 VEDTAK

Saka vert sendt tilbake for uttale i samarbeidsutvala og foreldreutvala i barnehagane, før endeleg politisk handsaming.

Samrøystes.

Utskrift til:

Flatraket barnehage

Selje barnehage

Ytre Stad skule og barnehage

Stadlandet oppvekstsenter – Leikvang barnehage



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	06.09.2012	037/12

Sakshandsamar Åse Elin Hole	Arkiv FA-G21	Arkivsak 12/812
--------------------------------	-----------------	--------------------

Oppretting av samarbeidsutval - Selje kommune og Fastlegeordning

Saka gjeld

Oppretting av samarbeidsutval for fastlegeordninga i Selje kommune

Opplysningar til saka

Spørsmål om behov for oppretting av allmennlegeutval og samarbeidsutval har vore teke opp tidlegare, men dei legane som var her då, såg ikkje behov for dette.

Med nye fastlegar og no 3 legar (stabilt over tid) og ikkje minst i høve til Samhandlingsreforma som vart innført frå 01.01.2012, ser ein behovet, og då spesielt for eit samarbeidsutval er større og meir aktuelt enn før.

Behovet for eit allmennlegeutval er nok større i kommunar der det er fleire fastlegar enn det som er tilfelle i Selje. I Selje arbeider alle 3 fastlegane i same miljø og har såleis dagleg dialog og tett samarbeid.

Lover/regelverk

KS og Den norske legeforening har inngått tre særavtalar som alle regulerer forhold knytt til fastlegeordninga:

- SFS 2305 for perioden 2010-2012 – Kommunelegeavtalen – Sentral forbundsvis særavtale mellom KS og Den norske legeforening
- ASA 4301 for perioden 2010-2012 – Statsavtalen – avtale mellom staten (AID), KS og de regionale helseforetak på den ene siden og Den norske legeforening på den andre siden

ASA 4310 for perioden 2008-2010 – Rammeavtalen - Rammeavtale mellom KS og Den norske legeforening om allmennlegepraksis i fastlegeordningen i kommunene (forlenges med et år om gangen inntil en av partene sier opp eller krever revisjon)

Saksutgreiing

Det er ASA 4310 (Rammeavtale mellom KS og Den norske legeforening om allmennlegepraksis i fastlegeordninga i kommunene) som er retningsgjevande for oppretting av utval i fastlegeordninga.

Der er det nemnt 2 utval – det eine er allmennlegeutval – der alle allmennlegane er deltakarar og samarbeidsutval som skal ha like mange representantar frå allmennlegane som frå kommunen.

Formålet med allmennlegeutvalet er å bidra til naudsynt samarbeid mellom legane i kommunane for å ivareta legane sine oppgåver i fastlegeordninga.

Oppgåver for allmennlegeutvalet er;

- å velje representant til samarbeidsutvalet
- å fremje saker overfor samarbeidsutvalet og
- å bistå legane sine representantar i samarbeidsutvalet med rådgjeving.

Formålet med samarbeidsutvalet er å leggje til rette for at drifta av allmennlegetenesta skjer på ein hensiktsmessig måte gjennom samarbeid mellom kommunen og allmennlegane. Allmennlegane skal sikrast innverknad over drift og organisering av eigen praksis og eige listansvar. Medisinsk-fagleg rådgjevar i kommunen kan ikkje velgjast til samarbeidsutvalet.

Organisering av samarbeidsutvalet

Funksjonstida er 2 år.

Samarbeidsutvalet kan opprettast med 2 eller fleire representantar frå kvar av partane og like mange varamedlemmar.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv og vel leiar, kvar av partane har leiinga vekselvis eit år kvar.

Medisinsk-fagleg rådgjevar eller denne sin stedfortredar, har møteplikt i samarbeidsutvalet og er ansvarleg for å tilrettelegge møta og følgje opp saker der det er naudsynt.

Oppgåver for samarbeidsutvalet er å gje råd om saker som gjeld (opplisting ikkje uttømmande);

- -fastlegeordninga slik den er omtala i lov, forskrift og avtaleverk
- -planlegging av kommunen sin allmennlegeteneste m.o.t. kapasitet og lokalisering
- -oppretting av legeheimlar
- -søklarar til avtaleheimlar, ved uttale
- -flytting av praksis
- -mellombels legemangel
- -kollegial fråværsdekning og vikarordningar
- -fordeling og tilplikting av offentlege legeoppgåver
- -kvalitetsarbeid/kvalitetsindikatorar m.o.t. ventetid, telefontilgjengelegheit, sjukebesøk til eigne pasientar m.v.
- -forslag til rapporteringsrutinar
- -generelt om listelengde og listereduksjon
- -organisering av legevakt
- -fordeling av legevakt etter kontortid og øyeblikkeleg hjelp på dagtid, herunder vaktfritak
- -suspensjon av ordninga

Godtgjering ved møtedeltaking

Det er rimeleg at det vert stilt krav om møtegodtgjersle eller godtgjersle for tapt arbeidsforteneste og at Selje kommune yter ein kompensasjon og godtgjersle for møter. Dette vil gjelde for privatpraktiserande legar.

ASA 4310 (Rammeavtale for leger) pkt. 4.2.2 , 3. ledd – Organisering:

”Samarbeidsutvalget konstituerer seg selv og velger leder, hvor partene har ledelsen vekselvis ett år hver. Kommunen skal stille møtelokaler til disposisjon. Det tilstås møtegodtgjøring etter kommunens satser.”

Finansiering

Det synes klart at Selje kommune må yte godtgjersle til samarbeidsutval for leger
Det vert føreslege at ein yter godtgjersle etter vedtekne kommunale satsar.

Saksgang

Endeleg vedtak i kommunestyret

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det blir oppretta eit samarbeidsutval for fastlegeordninga i Selje kommune. Legane får 2 representantar i utvalet og kommunen 2 representantar. Kommunen sine representantar skal vera ein i frå administrasjonen – (administrasjonssjefen eller den han delegerer oppgåva til) + ein representant oppnemnt av kommunestyret. Det skal også veljast 2 varamedlemmar – ein frå administrasjonen og ein frå kommunestyret.

Selje kommune yter godtgjersle etter vedtekne satsar.

Handsaming i Driftsutvalet - 06.09.2012

7 voterande.

Avrøysting:

Som tilråding frå administrasjonen. Samrøystes.

KU-037/12 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

